



Merete Rosslund Fløysand

ArkivsakID/ JpID: **14/1277** 14/16153

Dato:  
24.10.2014

## Kunngjering - Planmelding – November 2014

### 3. Godkjente reguleringsplanar

Meland kommunestyre har i møte 15.10.2014 gjort vedtak om endring og godkjenning av følgjande reguleringsplanar, jf plan- og bygningslova § 12-12, 2.ledd:

#### **Endring - Reguleringsplan E39 over Flatøy – planID 1256 2011 0007**

Planen skildrar og legg til rette for etablering av midtdelar på E39 over heile Flatøy. Knytt til dette tiltaket ligg mellom anna areal for grunnavståing, deponering, støvvurdering og utforming av avkøyrsløse. Endringa legg til rette for eit noko større areal for omkøyringsveg og riggområde.

#### **Bergotunet (detaljplan) - planID 1256 2011 0002, arkivID 14/2011**

Detaljregulering av butikk, bustad og trafikkareal på Vikebø / Rosslund mm.

Godkjenningsvedtaket kan påklagast til Fylkesmannen i Hordaland, jf plan- og bygningslova §§ 12-12 og 1-9. Klagefristen er 05.12.2014. Klagen skal stilast til Fylkesmannen, men skal sendast til Meland kommune for vurdering av kommunestyret før den vert vidaresendt til Fylkesmannen.

### 4. Generelt

Planframlegg og godkjente reguleringsplanar er lagt ut i resepsjonen i rådhuset, og i digitalt planarkiv. Ein finn link til BRAPLAN på [www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no). Velg Meland kommune under eigar og nytt planID, arkivID eller plannamn til søk.

Merknader, innspel eller eventuell klage må vere skriftlege og skal sendast til Meland kommune, Plan, utbygging og kommunalteknikk, postboks 79, 5906 Frekhaug, eller som e-post til [postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no).

#### Verknad av godkjent reguleringsplan

Godkjend reguleringsplan er, etter plan- og bygningslova § 12-4, straks bindande for alt arbeid, alle nye tiltak og utviding av eksisterande tiltak innafor planområdet, jf plan- og bygningslova § 1-6. Tiltak etter § 1-6, 1. ledd, medrekna bruksendring etter § 31-2, jf også § 1-6, 2. ledd, må ikkje vere i strid med arealføremål eller føresegner. Planen er styrande for behandling av søknad eller forståing av tiltak etter § 20-1, 1. ledd, bokstav a) til m), jf §§ 20-2 og 20-3.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01  
Tlf tenesteområde

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Krav om erstatning etter plan- og bygningslova § 15-3 og krav om innløsning etter § 15-2, må vere sett fram seinast 3 år etter denne kunngjeringa.